

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	Tysdag 19.11.24 SU kl. 18:00-20:00	Stad:	Landro skule		
Desse var kalla inn:					
Anette Johansen Arslan		Foreldrerådet, leiar FAU			
Raymond Strømsnes		Foreldrerådet, nestleiar FAU (meldt avbod)			
Beate Heggernes		Undervisningspersonalet			
Ingvild Langeland Tellnes		Undervisningspersonalet			
Monica H. Sæle		Andre tilsette			
Morten Snekkevik		Kommunal representant, politisk			
Anita Vabø		Kommunal representant, rektor			
Sak nr.					
1-24/25	Konstituering av SU og møteplan 2024-2025: Leiar: Anette Johansen Arslan Nestleiar: Beate Heggernes Vi gjennomfører SU/SMU-møta tysdagar klokka 18:00-20:00 etter denne planen: <ul style="list-style-type: none"> • 19.11.24 SU-møte • 18.02.25 SMU/SU-møte • 29.04.25 SU-møte • Evt. fleire møter etter behov Annakvart møte blir ein kombinasjon av møte i skulemiljøutvalet og samarbeidsutvalet. Rektor sender innkalling til møtedeltakarane.				
2-24/25	Saker frå FAU: <ul style="list-style-type: none"> • Førre skuleår vart det drøfta og planlagt gjennomføring av gamingkveld, men den vart utsett. FAU har drøfta saka på ny, og gamingkvelden er no lagt på is. Det var mykje å ta omsyn til med tanke på tilgangar, samarbeid med IT, aldersgrenser med meir. 				

	<ul style="list-style-type: none"> • Det har vore gjennomført ryddedugnad på FAU-rommet. Her var det behov for å rydde vekk ting som ikkje var i bruk lengre. Noko vart kasta, andre ting til gjenbruk. • FAU arrangerer bingo i gymsalen 28.11.24. • FAU-leiar informerer om at ho har delteke på møte på Tranevågen ungdomsskule. Målet er å rekruttere fleire foreldre til å delta som «Natteravnar» i nærområdet (Ågotnes) om fredagskveldane. Tranevågen ønskjer å invitere Landro skule og Ågotnes skule med, og foreldre på 7. trinn er målgruppa. FAU-leiar skal delta på nytt møte, og meir informasjon kjem etter kvart. • FAU ønskjer å halde fram med tradisjonen om å kome på besøk siste skuledag før jul og påske (kl. 10:00), som julenis og påskehare. Elevane tykkjer dette er stas, så vi held på denne tradisjonen. • FAU ønskjer innspel til kva elevane og skulen kan ha god nytte av i kvardagen, som gáve/bidrag frå FAU. Det er stor slitasje på utstyr som blir brukt i friminutta og til Aktiv glede-aktivitetane, så her har elevane ulike ønskjer: fotballar, moonballar, basketballar, utandørs stigegolf og ulike brettspel. • FAU løfta inn om det var noko dei kunne bidra med inn mot jul til elevane, som julegraut, hotdog eller liknande? Å kjøpe inn julegraut kostar ein god del, samt at det krev dugnad til oppvarming og servering. Vi er for mange til at det let seg gjere å dekkje bord i gymsalen til alle, så då må det evt. serverast i fleire omgangar. Skulen skal arrangere julefilm i gymsalen for 1.-4. trinn (10.12) og for 5.-7. trinn (06.12). Vi landa på at det kunne vore fint om FAU serverte popcorn og saft til julefilmane. Det blir kjekt for elevane å få servert nypoppa popcorn frå FAU sin eigen popcornvogn. FAU kjøpar også inn peparkakedeig til alle klassane. • Vi drøfta dette med å arrangere fleire temakveldar for føresette. Det har vore god tilbakemelding på den førre vi arrangerte. Aktuelle tema kan til dømes vere sosiale medium og mobbing, men også andre tema kan bli spelt inn. Skulen informerte om at dei deltek i eit samarbeidsprosjekt med Læringsmiljøsenteret, der heim-skule samarbeid står sentralt. Ein ny temakveld kan gjerne vere eit resultat av dette samarbeidet. Vi drøftar denne saka vidare på neste møte.
3-24/25	<p>Saker frå skulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Status og aktivitetar frå Elevrådet: Elevrådskontakt informerer om at Elevrådet har dyktige og engasjerte representantar, som jobbar med ulike saker og aktivitetar. Før jul arrangerer dei kanonballturnering og temaveke. Dei har meldt inn at fotballbana har hol som må grusast, samt at målnetta må reparerast eller skiftast ut. Rektor har meldt inn sak til eigedom om at hol på fotballbana må grusast, samt at det må vere betre drenering ved basketballbana. Elevrådet har ønskjer om diverse utstyr, som

	<p>ulike ballar og uteleikar. Skulen kjøpar inn utstyr med jamne mellomrom, og FAU bidreg også med innkjøp av ballar og liknande. Den gamle lavvoen i skogen er vi einige om å fjerne, då den ikkje lengre har nokon funksjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Olweus-sertifisering: Landro skule jobbar etter Olweus-programmet, som er eit tiltaksprogram til bruk i skulen. Målet er å førebyggje mobbing, og skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle. I september vart Landro skule sertifisert for 3 nye år som Olweus-skule. • Eit av satsingsområda til skulen, er å jobbe aktivt med lesing som grunnleggjande dugleik. Vi har dei siste åra hatt fokus på å utvikle biblioteket vårt. Vi ønskjer oss eit levande bibliotek, som er mest mogleg i bruk gjennom skuleveka. Nytt av året er at vi har fått i gang meir aktivitet på biblioteket i friminutta. I tillegg har vi god hjelp frå elevar på 6. og 7. trinn, som biblioteksassistentar har dei blant anna gjennomført fine lesestunder for yngre elevar. • Juleavslutning: 1.-4. trinn vil arrangere felles juleframsyning/julekonsert onsdag 18.12., og 5.-7. trinn vil arrangere felles juleframsyning/julekonsert torsdag 19.12. Eigen invitasjon kjem i Vigilo. • Miljørettleiar: Landro skule skal tilsetje to nye miljørettleiarar på nyåret. Den eine skal erstatte miljørettleiar som skal slutte, medan den andre er ei nyopprettet stilling, som heng saman med stort auke i elevbehov. Landro skule har det doble av landsgjennomsnittet av elevar som treng spesialpedagogisk hjelp og ulike tilretteleggingstiltak gjennom skuledagen. For å møte desse behova best mogleg, treng vi ulike tilbod med fokus på sosial trening og praktisk læring. Miljørettleiarane er viktige ressursar inn for å drifta ulike tilbod, i tett samarbeid med lærarane og andre fagarbeidrar.
4-24/25	<p>Kva oppgåver skal SU jobbe med?</p> <p>Etter vedtak i Levekårsutvalet blir Forskrift om skuleregler og skuledemokrati, forskrift om permisjon og forskrift om hovudmål lagt ut på høyring. I etterkant av SU-møtet har skulen motteke e-post om at høyringsfristen vert sett til 10.01.2025. Ein ber om at forskriftene vert tatt opp i dei utval ein finn føremålstenleg, t.d. SU/FAU og Elevråd, så dette skal vi ha ein prosess på.</p> <p>Levekårsutvalet har også hatt ein gjennomgang av kva saker samarbeidsutvalet ved dei ulike skulane bør uttale seg om. I møtet hadde vi ein gjennomgang av kva saker det gjeld. Vi er einige om at vi stort sett har hatt det rette fokuset på saker, men kan bruke denne lista til å bli endå meir bevisst på samarbeidsutvalet si rolle, og kva saker vi bør prioritere på vegen vidare.</p>

	<p>Samarbeidsutvalet bør uttale seg om alle saker som gjeld skulen, til dømes:</p> <ul style="list-style-type: none">▪ Ordensreglementet på skulen▪ Utviklingsplanar for skulen▪ Forslag til budsjett▪ Plan for skule-heim-samarbeid▪ Kvalitetsmeldinga▪ Trafikktihøva til og frå skulen▪ Skuleskyss▪ Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga▪ Forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa for Øygarden kommunale skular▪ Forskrift om hovudmål for Øygarden kommunale skular
<p><i>Referent:</i> Anita Vabø Rektor</p>	